Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/1342-1

Sakshandsamar: Åge Verpe

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap		
Landbruk, miljø og teknisk utval		
Kommunestyre		

Forskrift om gebyr for lovfesta feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

1 Hoyringsbrev-forskrift-lovpalagt-feiing-og-anonse-VTB-1

2 Lokal-feieforskrift-2026-VTBV-1

3 lfsiv_avgjorelse_lf-2023-104673

Bakgrunn for saka

Kommunane i Vest-Telemark har gjennom mange år hatt felles ordningar og harmoniserte regelverk innan brann- og feiarverksemda. Eit einskapleg regelverk bidreg til føreseielege rammevilkår for innbyggjarane, effektiv forvaltning og lik handsaming på tvers av kommunegrensene.

Bakgrunnen for framlegget om ny forskrift er ei avgjerd frå Frostating lagmannsrett i 2023. Lagmannsretten slo fast at formuleringa i den aktuelle gebyrforskrifta måtte

tolkast uttømmande når det gjeld dei tilfella kommunen kan krevje gebyr frå eigar dersom feiing eller tilsyn ikkje er gjennomført.

Dommen synleggjer behovet for ei tydelegare og meir presis forskriftstekst som gjev eit klårt rettsleg grunnlag for gebyrfastsetjing og innkrevjing. For å sikre at regelverket er i samsvar med gjeldande rettstilstand, er det difor utarbeidd ei ny forskriftstekst.

Den nye formuleringa er kvalitetssikra og verifisert gjennom Samfunnsbedriftene, som har utarbeidd tilrådde formuleringar til bruk for kommunane etter lagmannsrettsdommen.

Saksutgreiing

Framlegg til ny forskrift har vore lagt ut til offentleg høyring i samsvar med gjeldande regelverk.

Det kom ikkje inn merknader eller innspel som tilseier endringar i forskriftsutkastet. Høyringsprosessen syner såleis at framlegget er godt forankra og ikkje har avdekt forhold som gjev grunnlag for justeringar før endeleg vedtak.

Brannsjefen vurderer at den nye forskrifta sikrar eit klårare og meir robust rettsgrunnlag for gebyrordninga knytt til lovpålagd feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Forskrifta tek omsyn til dei rettslege avklaringane som følgjer av dommen frå Frostating lagmannsrett og reduserer risikoen for ulik tolking og praktisering av regelverket.

Vidare er det eit uttalt mål at alle dei seks kommunane i Vest-Telemark skal ha identisk forskriftstekst. Ei slik harmonisering styrkjer det interkommunale samarbeidet, legg til rette for lik handsaming av innbyggjarane og gjev ei meir effektiv og oversiktleg forvaltning.

Brannsjefen meiner på denne bakgrunnen at det er både nødvendig og føremålstenleg å vedta den nye forskrifta.

Konklusjon

Den føreslegne forskrifta er utarbeidd for å bringe regelverket i samsvar med gjeldande rett og dei avklaringane som følgjer av dom frå Frostating lagmannsrett. Forskrifta har vore på høyring utan at det har kome inn relevante merknader, og ho er i tråd med tilrådingar frå Samfunnsbedriftene.

For å sikre einskapleg praksis i Vest-Telemark og eit tydeleg rettsleg grunnlag for gebyrordninga, vert det tilrådd at kommunestyret vedtek forskrifta slik ho ligg føre.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommunestyre vedtek «Forskrift om gebyr for lovfesta feiing og tilsyn med fyringsanlegg» jamfør vedlegg 2 i saka.